

**GULEN KOMMUNE**

**MØTEBOK**

**KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE**

<b>Møtestad:</b>	Gulasalen	<b>Møtedato:</b>	26.05.2011	<b>Frå kl. :</b>	12:00
				<b>Til kl. :</b>	15:30

<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet :</b>	<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader :</b>
1. Inger L Grimen, 5970 Byrknesøy ( Leiar )	X		
2. Kjartan Oppedal, 5961 Brekke		X	
3. Jan Helge Kristensen, 5961 Brekke	X		

<b>Personlege varamedlemmer :</b>	<b>Møtte:</b>	
1. Berthe Haveland Randal, 5977 Anneland.		Meldt forfall
2. Oddgeir Wily Oppedal, Dalsøyra	X	

**Ordføreren har møte og talerett i utvalet:**

**Andre som møtte :**

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø  
 Rådmann Martin Kulild i sak 18/11 og 19/11  
 Ass. Rådmann Harald Haugejordet i sak (17/11-20/11)  
 Rekneskapsansvarleg Hall Midthun i sak 18/11 og 19/11  
 Revisor Aud Marit Nyland Eide i sak 18/11 og 19/11

**Saker som vart handsama / drøfta i møtet :**

Sak 017/11 | Skriv og meldingar.  
 Sak 018/11 | Årsrekneskapen 2010 - Gulen.  
 Sak 019/11 | Orientering - Eigarskap i selskap - Eigarskapsstrategi.  
 Sak 020/11 | Finansreglement Gulen kommune- Fråsegn frå kontrollutvalet.  
 Sak 021/11 | Oppføljingsliste 1-2011  
 Sak 022/11 | Eventuelt.

Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste

**UNDERSKRIFTER :**

5966 Eivindvik 27.05.2011.

*Inger Lexander Grimen*  
 Inger Lexander Grimen, leiar

*Oddgeir Wily Oppedal*  
 Oddgeir Wily Oppedal

*Jan Helge Kristensen*  
 Jan Helge Kristensen

*Vidar Øvrebø*  
 Vidar Øvrebø, sekretær

## 017/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 13.05.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2011	017/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 009-11 Fagkonferanse Kontroll og Tilsyn – Gardermoen 7.-8. juni 2011.
- SM 010-11 Vedtak kommunestyresak 026/11 - Status utførte/ikkje utførte – opplysningar til kontrollutvalet.
- SM 011-11 E-post frå Arve Mjømmen til leiar i kontrollutvalet Inger Lexander Grimen – ”Klage på vedtak gjort etter bruk av hasteparagrafen § 13. U-gjyldig-gjerning av vedtak, datert 22. mai 2011.
- SM 012-11 E-post frå Øyvind Lid til SEKOM postmottak – ”Gulen kommunestyre 14. april 2011.”, datert 15. april 2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.
- Ad SM 012-11 E-post frå Øyvind Lid til SEKOM postmottak – ”Gulen kommunestyre 14. april 2011.”, datert 15. april 2011.
- Det har ikkje vore kontrollutvalet sin tanke å endre vedtak i sakene på ”statusrapport utførte/ikkje utførte vedtak”, men ein mulighet for kommunestyre å prioritere dei ikkje utførte sakene på lista.
- Årsaka til at det er ein sak og ikkje ein Skriv og melding er at politikarane skal ha ein moglegheit til prioritere gjennomføring av dei ikkje utførte sakene. Det var ikkje tanken at sjølve vedtaket i sakene skulle kunne endrast, men at det er tekt som ein orientering til kommunestyret og administrasjonen.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# 018/10 ÅRSREKNESKAPEN 2010 - GULEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 19.05.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	26.05.2011	018/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

## Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Gulen kommune
- Årsmelding. (Sendt frå adm)
- Rekneskap 2010. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 16.05.2011.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Gulen kommune, datert 26.05.2010.

## KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2010 for Gulen kommune, datert 26.05.2010.

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2010 - GULEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2010 for Gulen kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

# **SEKOM-sekretariat**

*Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn*

---

Til  
Kommunestyret i Gulen

Eivindvik 27.05.2011

## **FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2010 FOR GULEN KOMMUNE**

Årsrekneskapen 2010 for Gulen kommune er handsama i kontrollutvalet i Gulen 26.05.2011.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2010 for Gulen kommune.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 16.05.2011.

Årsrekneskapen er levert av rådmann og rekneskapsansvarleg. Årsrekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 7,792 mill., og etter at det er teke omsyn til eksterne finanstransaksjonar, eit netto driftsresultat på kr. 11,584 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 7,127 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Gulen kommune utgjer 6% av driftsinntektene. Gulen kommune har såleis greidd dette tilrådde målet.

Det er kommunestyret sitt ansvar å disponere mindreforbruket i samsvar med regelverket.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 194,074 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 192,375 mill.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 190,131 mill. Rekneskapen viser kr. 184,583 mill.

Brutto driftsresultatet er kr. 3,849 mill. betre enn budsjettet.

Gulen kommune har hatt finansinntekter på kr. 5,207 mill og finanskostnader er på kr. 5,175 mill. Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr. 0,216 mill. betre enn budsjettet.

Kontrollutvalet merkar seg at det i drifta er mindreforbruk på einingane.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Det vert vist til rådmannen sin omtale av investeringsrekneskapen i årsmeldinga s. 6.

Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga der det bl.a. går fram at det ikkje er blitt lagt fram prosjektrekneskap til revisjon og vidare politisk handsaming. Kontrollutvalet har hatt oppe sak om dette og vil følgje opp saka i 2011. (Viser elles til presiseringar i revisjonsmelding.)


Finansieringa av investeringsprosjekta er gjorde ved opptak av lån 6,9 mill, overføring frå drifta 5,6 mill. og bruk av avsettingar 2,4 mill. I 2010 er gjeldsgrada redusert frå 89,6 % til 88,5 %. Rådmannen har omtalt Investeringsrekneskapen på side 6 i årsmeldinga og det vert vist til denne.

Arbeidskapitalen er positiv og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande. Rådmannen uttrykker i årsmeldinga side 7 at kommunen har god likviditet.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har fem presiseringar.

Med presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Gulen kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

  
Inger L. Grimen  
-leiar-

  
Jan Helge Kristensen

  
Oddgeir Willy Oppedal

---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 019/11 ORIENTERING – EIGARSKAP I SELSKAP - EIGARKAPSSTRATEGI

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat  
Dato: 12.10.2010.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.11.2011	17/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gulen kommune om orientering omsorgssektoren, datert 29.03.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 013/11 Orientering om omsorgssektoren
- Kontrollutvalsak 022/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå administrasjonen om eigarskap i selskap vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa frå administrasjonen om eigarskap i selskap vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – EIGARSKAP I SELSKAP – EIGARSKAPSSTRATEGI**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Administrasjonen orienterer om eigarskap i selskap.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalssak 02/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 02.03.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalssak 13/11 "Eigarskap i selskap - eigarskapsstrategi" 24.03.2011 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *" Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status kring eigarskap i selskap og evt. arbeid med å utarbeide eigarskapsmelding for selskap Gulen kommune er medeigar i."*

Administrasjonen i Gulen kommune er pr. brev 29.03.11 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om eigarskap i selskap og evt. arbeid med å utarbeide eigarskapsmelding for selskap Gulen kommune er medeigar i.

Administrasjonen vart i brevet nemnt ovanfor orientert om at neste møte i kontrollutvalet skulle vere 25. mai.2011.

## 020/11: FINANSREGLEMENT GULEN KOMMUNE – FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	15.06.2010	020/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- Uavhengig attestasjonsrapport frå KRYSS-revisjon om framlegg til nytt reglement for Gulen kommune si finansforvaltning, datert 03.06.2010.
- Reglement for Finansforvaltning.
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.
- Utskrift av kommentarar om ny finansforskrift frå [www.kommunepartner.no](http://www.kommunepartner.no).

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.

### "Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet til kommunestyret utarbeidd av sekretariatet:

Kontrollutvalet gir si fråsegn til nytt finansreglement ut frå følgjande dokument:

- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.
- Reglement for finansforvaltning.
- Attestasjonsrapport frå KRYSS-revisjon, datert 16.05.2011.
- Kontrollutvalet viser til KRYSS-revisjon sin attestasjonsrapport av 16.05.2011. Kontrollutvalet konstaterer at nytt "Reglement for finansforvaltning" for Gulen kommune er vurdert i samsvar med forskriftene § 5 av uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning ved at KRYSS-revisjon har stått for kvalitetssikringa av reglementet.
- Kontrollutvalet vurderer det slik at "Reglement for finansforvaltning" i Gulen kommune er innanfor rãmene i Forskrift om kommuners og Fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.
- Kontrollutvalet merkar seg at KRYSS-revisjon påpeikar at "reglementet bør ha i seg at det gjeld for Gulen kommune, og det bør også ha ein identifikasjon, for eksempel dato eller dato for sist justert/ajourført."
- Kontrollutvalet merkar seg kravet om at kommunen skal ha kompetanse som til einkvar tid er tilstrekkeleg for at kommunen skal kunne utøve finansforvaltninga i tråd med finansreglementet. I og med utkastet til reglement som ligg føre, går kontrollutvalet ut i frå at det er gjort tilfredsstillande vurderingar, og at kommunen ser det slik at ein har kompetanse til å kunne gjere kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den konkrete laupande finansforvaltninga, og vidare kompetanse til å kunne kontrollere om forvaltninga vert gjort i tråd med finansreglementet, finansforskriftene og kommunelova.

- Kontrollutvalet vurderer det slik at kommunen fortlaufande bør følgje opp kompetansekravet.
- Kontrollutvalet merkar seg rapporteringsrutinane, og ber kommunen sjå til at desse blir følgde.
- Kontrollutvalet har ikkje merknader til at "Reglement for finansforvaltning" for Gulen kommune vert godkjent slik det ligg føre."

### **Kontrollutvalet si fråsegn til kommunestyret:**

Kontrollutvalet gir si fråsegn til nytt finansreglement ut frå følgjande dokument:

- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.
  - Reglement for finansforvaltning.
  - Attestasjonsrapport frå KRYSS-revisjon, datert 16.05.2011.
- Kontrollutvalet viser til KRYSS-revisjon sin attestasjonsrapport av 16.05.2011. Kontrollutvalet konstaterer at nytt "Reglement for finansforvaltning" for Gulen kommune er vurdert i samsvar med forskriftene § 5 av uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning ved at KRYSS-revisjon har stått for kvalitetssikringa av reglementet.
  - Kontrollutvalet vurderer det slik at "Reglement for finansforvaltning" i Gulen kommune er innanfor rāmene i Forskrift om kommuners og Fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.
  - Kontrollutvalet merkar seg at KRYSS-revisjon påpeikar at "reglementet bør ha i seg at det gjeld for Gulen kommune, og det bør også ha ein identifikasjon, for eksempel dato eller dato for sist justert/ajourført."
  - Kontrollutvalet merkar seg kravet om at kommunen skal ha kompetanse som til einkvar tid er tilstrekkeleg for at kommunen skal kunne utøve finansforvaltninga i tråd med finansreglementet. I og med utkastet til reglement som ligg føre, går kontrollutvalet ut i frå at det er gjort tilfredsstillande vurderingar, og at kommunen ser det slik at ein har kompetanse til å kunne gjere kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den konkrete laupande finansforvaltninga, og vidare kompetanse til å kunne kontrollere om forvaltninga vert gjort i tråd med finansreglementet, finansforskriftene og kommunelova.
  - Kontrollutvalet vurderer det slik at kommunen fortlaufande bør følgje opp kompetansekravet.
  - Kontrollutvalet merkar seg rapporteringsrutinane, og ber kommunen sjå til at desse blir følgde.
  - Kontrollutvalet har ikkje merknader til at "Reglement for finansforvaltning" for Gulen kommune vert godkjent slik det ligg føre."

Saksutgreiing

## **FINANSREGLEMENT GULEN KOMMUNE – FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet si fråsegn om nytt finansreglement for Gulen kommune.

### **Saksopplysningar:**

Det er utarbeidd nytt finansreglement for Gulen kommune. Det vert vist til utkastet av reglement som ligg ved. Det nye reglementet er utarbeidd som følge av nye forskrifter om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning. Det vert vist til "Forskrift om kommuner og fylkeskommuners finansforvaltning" av 9. juni 2009 som ligg ved.

Etter § 5 i ovanfor nemnde forskrift, skal uavhengig instans vurdere om finansreglementet legg råde for ei finansforvaltning som er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i nemnde forskrift. Slik vurdering er gjort av KRYSS-revisjon 16.05.2011. Det vert vist til brev som ligg ved.

KRYSS-revisjon har sendt oss kopi av sin attestasjonsrapport om nytt finansreglement for Førde kommune.

Ved saka ligg det også kommentarar til ny finansforskrift henta frå [www.kommunepartner.no](http://www.kommunepartner.no). Kommentarane peikar mellom anna på kva som er nytt i forskrifta i høve til gamal forskrift. Det vert vist til denne for informasjon om endringane.

Kontrollutvalet si oppgåve i høve til nytt finansreglement blir å gje ei fråsegn om reglementet til bystyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 021/11 OPPFØLGINGSLISTE 3-2011 GULEN

**Sakshandsamar:** Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 16.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	25.05.2011	021/11 - -	- - -	Ja

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2011 Gulen.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslist 3-2011 Gulen vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslist 3-2011 Gulen vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 3-2011 GULEN**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 16. mai 2011.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

### Oppfølgingsliste 3-2011 - Gulen.

#### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gulen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
02/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.03.09		10.03.09 Vedtak KU. - Orientering frå adm. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Tertialrapportar - Informasjon frå revisor - Kvalitetsrapportar etter tilsyn med revisor. - Status effektuerte kommunestyrevedtak.
004/10 Prosjektrekneskapa – politisk handsaming	28.01.10		10.09.09 Vedtak KU be om at prosjektrekneskapar vert lagt fram for revisjon og politisk handsaming. 11.09.09 Førespurnad til revisor om retningslinjer. 01.10.09 Munnleg svar frå KRYSS- finn ikkje at det eksisterer noko skriftleg. 30.09.09 Førespurnad Gulen kommune pr. e-post 2.10.10 Motteke. 29.01.10 Vedtak KU – ber om at prosjekt for 2007,08 og 09 vert lagde fram. Tilråding til kst. – endre økonomireglementet. 29.04.10 Vedtak kst sak 13/10 i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. <b>Avventar levering av prosjektrekneskap</b> <b>Sjå sak 033/10 og 07/11-</b>
011/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontroll av økonomistyringa – inntektssida	25.03.10	Frist levering 31.03.2011.	16.03.10 Utkast til KRYSS 16.03.10 Svar frå KRYSS 25.03.10 Vedtak KU – godkjent 25.03.10 S KRYSS 14.04.10 Motteke førebels revisjonsplan. 26.05.10 Vedtak KU – Førebels prosjektplan teke til vitande. 27.01.11 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om statusrapport frå KRYSS-revisjon på forvaltningsrevisjonsprosjekt ” Kontroll av økonomistyringa – inntektssida” tinga av kontrollutvalet i Gulen den 25.03.2010. 14.03.11 Bede KRYSS om status.
023/10 Forv. Prsj. Sjølvkost NGIR – førespurnad	13.09.10	Forventa levering april 2011.	13.09.10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkost NGIR IKS – førespurnad. Vedtak kst sak 033/10 – Blir med løyver 25000 + mva. 08.10.10 Sendt brev til NH-regionråd. 17.01.11 Mottatt prosjektplan frå Norhordland revisjon. 24.03.11 Vedtak KU – Teken til vitande <b>Sjå sak 14/11</b>
04/11 Vurdere manglande iverksetjing av vedtak	27.01.11		27.01.11 KU vedtak – Bestille undersøking frå KRYSS-revisjon på manglande effektivering av sal kommunale bustadar. 30.01.11 Bestilling sendt til KRYSS-revisjon. 15.02.11: Motteke svar frå KRYSS-revisjon. 24.03.11 Vedtak KU – orientere gulen Venstre 25.03.11 Saka m/vedlegg sendt til Gulen Venstre <b>Sjå sak 011/11.</b>
09/11 Eventuelt	27.01.11		22.01.11 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om å få årleg tilsendt liste ”Status på effektivering av

			<p>kommunestyrevedtak.”</p> <p>- Kontrollutvalet ber om statusrapport frå KRYSS-revisjon på forvaltningsrevisjonsprosjekt ” Kontroll av økonomistyringa – inntektssida” tinga av kontrollutvalet i Gulen den 25.03.2010.</p> <p>- Kontrollutvalet ber Administrasjonen legge møtebøker ut på kommunen sine heimesider på innsyn og kontrollutvalet sine møte på møteplanen til kommunen.</p> <p>28.01.11 Brev til administrasjonen – Ber om ”status på effektivering av kommunestyrevedtak” Og legge ut møtebøker på heimeside.</p> <p>14.03.11 Bede om status vedr FV-prosjekt.</p>
010/11 Skriv og meldingar	24.03.11		24.03.11 Vedtak KU – teke til vitande.
011/11 Undersøking sal av to kommunale eigedomar	24.03.11		24.03.11 Vedtak KU – Sende rapport frå KRYSS-revisjon til Gulen venstre. 29.03.11 Sendt særutskrift av sak m/vedlegg til Gulen Venstre.
012/11 Auke i tal medlemer i kontrollutvalet.	24.03.11		24.03.11 Vedtak i KU – tilrå 5 medlemmar i KU 29.03.11 Tilråding sendt til Gulen kommune
013/11 Eigarskap i selskap – Eigarskapstrategi.	24.03.11		24.03.11 Vedtak KU – be om orientering frå rådmann om eigarskap i selskap. 29.03.11 Sendt brev til rådmann om orientering i neste KU møte.
014/11 Selskapskontroll NGIR IKS _ Prosjektplan	24.03.11		24.03. 11 Vedtak i KU – Prosjektplan teken til vitande.
015/11 Oppfølgingsliste 2-2011 – Gulen	24.03.11		24.03.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
016/11 Eventuelt	24.03.11		24.03.11 Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 27.05.2011

## 022/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat  
Dato: 16.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	25.05.2011	022/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet ber administrasjonen om å bestille 8 eksemplar av "Kontrollutvalsboken" frå Kommunal og regional departementet til komande kontrollutval.

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.